

# SAV 2035

## Arbeidsplan

Dato: 06.09.2017

Godkjent av: x

Dokumentkontroll		
<i>Saksbehandler</i>	<i>Gjennomgang</i>	<i>Godkjent av</i>

Distribusjonsliste	
<i>Navn</i>	<i>Institusjon</i>

Endringslogg			
<i>Versjon</i>	<i>Dato</i>	<i>Endring</i>	<i>Endret av</i>
0.1	21.05.2017	Første utkast	Ola Rye
0.2	24.05.2017	Justert etter Strategidag SAV Ledergruppe	Ola Rye
0.3	06.09.2017	Justert plan som følge av AD-skifte i SAV	Jon Bolstad/Ola Rye

## Innholdsfortegnelse

1	Innleiing.....	3
2	Målsetjing.....	3
3	Organisering .....	3
4	Milepælar og fasar i arbeidet .....	5
5	Aktivitetsplan .....	5
6	Budsjett.....	6
7	Kommunikasjon og rapportering .....	6

## 1 Innleiing

Dagens strategiplan for Sjukehusapoteka Vest HF (SAV) vart utforma i 2010 for perioden 2011-2015. I 2015 vart det iverksett arbeid med ny strategiplan, men arbeidet blei lagt på vent som følge av utgreiing av nasjonalt sjukehusapotekføretak i 2016. Konklusjon frå utgreiinga er at SAV vert vidareført som eige føretak og arbeidet med strategiplan er difor teke opp på nytt.

Ny strategiplan for Helse Vest (Helse 2035) er vedteken i Helse Vest styret den 11.mai i år (link; [helse-vest.no/helse-2035](https://helse-vest.no/helse-2035)) etter brei involvering av føretaka i regionen, inkludert SAV. Helse 2035 var tema på SAV sitt styreseminar 1.3.2017 og på SAV sitt utvida leiarmøte (nivå 2 og 3 leiarar) den 27.3.2017. SAV gav høyringsuttale til Helse Vest om Helse 2035 etter at forslag til uttale var drøfta med dei tillitsvalde, handsama i FAMU og handsama av styret i SAV (Sak 016/17).

SAV sitt strategiarbeid tek utgangspunkt i Helse 2035 dokumentet. Arbeidet er starta og det er eit mål at styret skal vedta ny strategiplan innan utløpet av mai 2018. Dette dokumentet er ein plan for arbeidet som omtalar mål, milepælar og organisering samt ei grovskisse for planlagde aktivitetar.

## 2 Målsetjing

SAV sin strategiplan skal bygge på dei verdiar, overordna mål og tema som er definert i Helse 2035, styringsdokument, regionale planar og andre føringar frå eigar.

Strategiarbeidet skal definere strategiske mål og satsingar for SAV fram mot 2022 forankra i behov hjå kundar og med omsyn til trendar i apotek og farmasifaget og tilgjengeleg ressursar.


Strategiske mål i SAV skal omtalast på føretaksnivå men og gje retning for strategiske satsingar innan kvart av dei fire verksemdsområda; Sjukehusekspedisjon, Publikumsekspedisjon, Produksjon og Farmsifagleg rådgjeving.

Strategiarbeidet skal ta omsyn til utvikling i nasjonalt samarbeid mellom dei fire sjukehusapotekføretaka i Noreg samt gje innspel til denne utviklinga.

Strategiplanen skal utformast i eit kortfatta (ikkje over 10 sider) strategiplandokument som i tillegg til mål og strategiske satsingar peikar ut tiltaksområder og overordna plan for implementering av tiltak fram mot 2022.

## 3 Organisering

Det vert lagt opp til at arbeidet vert gjennomført med interne ressursar. SAV leiargruppe skal være pådrivar for arbeidet og ta ansvar planlegging og gjennomføring av aktivitetar og stå føre oppsummeringar og konklusjonar innan ulike strategiske tema. Innan SAV leiargruppe skal oppgåvene fordelast ved at apotekarane vert tildelt ansvar for tema innan kvar sine verksemdsområder medan stabsleiarar i FAD skal utgjere sekretariat for arbeidet. Arbeidet skal legge vekt på god forankring og involvering der representantar frå dei tilsette saman med leiarane skal arbeid med mål, tiltaksområder og etterkvart implementeringa. I tillegg ynskjer ein innspel til strategiarbeidet frå kundar og andre samarbeidspartnarar.



Arbeidet vert organisert både ved bruk av eksisterande møtefora og egne arbeidsgrupper når det er naudsynt. Eksisterande møtefora i SAV som kan nyttast er vist i tabellen:

Møtefora	Leiar	Deltakarar (#)
SAV Leiargruppe	AD	AD, Stabsleiarar FAD og Apotekarar (8)
SAV Utvida Leiarmøte	AD	AD, Stabsleiarar FAD og Apotekar, Avdelingsleiarar apotek (20). I tillegg vert fagsjefar og andre fagleiarar kalla inn etter behov.
FAMU	2017; Arbeidsgjevar v/HR og org sjef 2018; Arbeidstakarsida	AD, HR og Org sjef, 2 apotekarar, HVO og 2 rep frå tilsette (7)
Samhandlingsmøte	AD	AD, HR og org sjef, FTV og FVO (5)
Driftsforum	Fagdirektør	Fagdirektør og apotekarar (5)
Faggrupper for kvart verksemdsområde	Fagsjefar	Fagsjef og avdelingsleiarar i apotek (5)
Drøftingsmøte	AD	AD, HR og Org sjef, FTV(2), FVO (5)

Sekretariatet for arbeidet er stabsleiarane i FAD under leiging av AD;


- Jon Bolstad Leiar (AD)
- Christer Bakke Frantzen. Fagdirektør
- Nina Carstens, konstituert Fagdirektør (4.sept-13.nov)
- Berit Berntsen, HR og organisasjonssjef
- Ola Rye, Økonomidirektør

Sekretariatet skal ha som oppgåve å planlegge og koordinere arbeidet, kalle inn til møter/arbeidsgrupper, etablere sharepointside for felles dokumentasjon, sikre at leiarar for møtefora og arbeidsgrupper utarbeider dokumentasjon frå arbeidet, ta ansvar for presentasjonsmateriell, rapportering, at det vert gjennomført drøfting av arbeidet med strategiplan og kommunikasjon frå arbeidet vert gjennomført i samsvar med kommunikasjonsplan.

Sekretariatet vil knyte til seg ressursar etter behov og i dialog med SAV Leiargruppe. Bruk av eksterne ressursar er i denne omgang kun tekt til evt utforming av endeleg strategidokument, eventuell trykking av materiell mv.

## 4 Milepælar og fasar i arbeidet

Arbeidet er planlagt i fem fasar med ulike tema for arbeidet:



Det er sett opp fire milepælar for arbeidet. Sidan arbeidet er starta inkluderer fyrste milepæl arbeid som allereie er utført. Milepælane skal sikre at ein kjem i mål med strategiplanen i løpet av året.

Nr	Milepæl	Ferdig
# 1	Når forarbeid er gjennomført (inkl. innleiande møter om Helse 2035 og utvida leiargruppe) og plan for vidare arbeid er godkjent av styret	13.09.2017
# 2	Når utkast til overordna mål, strategiske satsingar og tiltak er identifisert	31.12.2017
# 3	Når utkast strategiplan er utarbeida	31.03.2018
# 4	Når strategiplan og implementeringsplan er ferdigstilt og vedteken av Styret	31.05.2018

## 5 Aktivitetsplan

Fasane i arbeidet vil krevje ulike aktivitetar og arbeidsmåtar. I Fase 1 er det gjort arbeid i sekretariatet med planlegging av styreseminar, SAV utvida leiarmøte samt koordinert SAV sitt høyringsinnspel til Helse 2035. Driftsforum, faggrupper og stabsavdelingane i FAD har arbeid med no-situasjonsanalyse for tiltaksområder i dagens strategiplan. Det har og vore gjennomført Strategidag for SAV Leiargruppe den 24.5.17 med tema;

- No-situasjonsanalyse
- SWOT analyse på føretaksnivå
- Forventningar hjå kundar
- Plan for vidare arbeid

Arbeidet har vore sak i FAMU den 18. mai og drøfta med dei tillitsvalde den 1.juni. Same dag var plan for arbeidet sak i i SAV sitt styremøte med følgande vedtak;

*Styret vedtek plan for arbeidet med ny strategiplan for Sjukehusapoteka Vest. Mogleg endring i framdrift avklarast med ny administrerande direktør som byrjar 21.august. Styret ber om god involvering av medarbeidarane og god dialog med kundar, eigar og styre i prosessen. Styret ber om at strategidokumentet ikkje er over 10 sider .*

Vidare aktivitetar er skisser i ein førebels plan i tabell under. Planen må både kvalitetssikrast og oppdaterast undervegs.

Dato	Møtefora /Deltakarar	Tema
05.09.17	SAV utvida leiarmøte	Presentasjon av aktuelle strategiske tema /utfordringar Plan for strategiarbeidet
13.09.17	SAV Styremøte	Plan for vidare strategiarbeid haust2017/vår 2018
19.09.17	SAV Leiarmøte	Plan kunde /brukarundersøking , haust 2017/vår 2018
Haust 17	Møte med Helse Vest RHF	Utvalde strategiske tema
Okt-Nov	Arbeidsgrupper / arbeid i sekretæriat	Visjon, overordna mål for SAV og verksemdsområda, tiltaksområder
21.09.17	FAMU	Status på arbeidet
26.10.17	Samhandlings/Drøftingsmøte	Status på arbeidet
28.11.17	SAV Leiarmøte	Utkast overordna mål og tiltaksområder Struktur strategidokument
Des-Feb	Arbeidsgrupper / arbeid i sekretæriat	Strategidokument og implementeringsplan
februar	Aktivitet TV/VT/Brukerutval	Arbeidsmøte med TV og vernetenesta Regionalt brukarutvalg
22.03.18	Styreseminar (Styret, leiar gr. HVO, HTV)	Utkast Strategidokument med overordna mål og tiltaksområder
April 18	Høyringsrunde Sjukehusføretak Presentasjon for brukarutval	Strategidokument
Mai 18	Samhandlings/Drøftingsmøte	Strategidokument
Mai 18	SAV Leiarmøte	SAV Strategiplan – oppdatert dokument
31.05.18	SAV Styremøte	SAV Strategiplan – vedtak

## 6 Budsjett

Det vert ikkje sett opp særskilt budsjett for arbeidet då arbeidet vert inkludert og prioritert innanfor driftsbudsjettet i 2017 og 2018. Eventuelle meirkostnader ut over driftsbudsjettet skal handsamast innan ordinær budsjettstyring.

## 7 Kommunikasjon og rapportering

Det skal utarbeidast ein kommunikasjonsplan for strategiarbeidet. Planen skal bygge på ei interessant analyse og være konkret i forhold til kva informasjon som skal utarbeidast kort tid og korleis (i kva or kanalar) denne informasjonen skal kommuniserast.